

Barnegospelfestivalen 2017



Koret i aksjon.



Solistgruppe.

Glad sang om Jesus, livet og kjærleiken. Helga 21.-22. januar vart nok ein barnegospelfestival avvikla på Brudalsheimen.

Tekst of foto: Randi Fagerhol Lauvås

Denne gongen hadde vi henta inn lokale instruktørar, Vidar Åsebø som leier Ålesund Soul Children, saman med tre flotte og engasjerande ungdomar, Emma Austnes, Karoline Godø Larsen og Håkon Åsebø. Dette var eit flott team som fekk med seg barna frå første stund, og sto på til familiemøtet søndag ettermiddag var over.

ØVING GJER MEISTER

Laurdag var det om lag 70 barn som deltok, dei fleste syng i barnekor på lokale bedehus, tilslutta ImF.

Vi hadde med oss barn frå Godøy barnekor, Vigra YA-kor, SingIt frå Ellingsøya, Spiren frå Blindheim, Tusenfryd frå Emblem, Brattvåg barnekor, Stordal barnekor og leiaren og eit barn Giske barnekor. ImF-UNG Sunnmøre stilte med 3 leiarar, i tillegg til at alle kora hadde med seg ein eller fleire leiarar.

Dei fleste av songane var henta frå Soul Children sitt repertoar, så eit par frå Lisa Børud og ein frå Ålesund Soul Children sin CD. Nokre av songane var kjende frå før for mange av barna, det gjorde at innøvinga gjekk ekstra fort, og det svinga godt frå første øving. Mange fekk prøve seg som solistar, åleine eller saman to eller 3. Ja, til og med ein rap vart innøvd av 4 kjekke karar.

LEIK, MAT OG KIOSK

Innimellom øving og måltid var

det også litt tid til leik, kiosk og prat. Leirfest med masse leikar var det også på programmet, medan leiarane var samla for seg sjølv og hadde inspirasjonssamling saman med Vidar Åsebø.

Drivkrafta for dei som driv med kor, er at barna skal bli betre kjende med Jesus, oppleve eit godt og trygt miljø og få spreie den glade budskapet vidare. Dette var også målet for denne helga. Flotte sangtekstar, historier og bibelvers var med å peike på Jesus, og laurdagskvelden vart avslutta med ei fin stund rundt lyskorset, der Janne-Kristine Molnes las ei fin forteljing til oss om å vere på lag med Jesus.

FAMILIEMØTE SØNDAG

Familiemøte på Blindheim søndag ettermiddag var avslutninga på helga. Mange hadde tatt turen dit, og fekk forhåpentlegvis ei



Rapgruppa

fin ettermiddagsstund. Vi var så heldige å få med oss nokre av ungdomane frå Ålesund Soul Teens som gledde oss med to friske songar, så hadde Randi Fagerhol Lauvås ei andakt. Men høgdepunktet var sjølv sagt barnekoret. Dei tre flinke ungdomane leia koret gjennom ei avdeling med mange flotte og friske sangar. Mange flotte solistar, sanggledde og mange innøvde bevegelser gjorde dette til ei flott oppleving. Heldige var vi som fekk høyre og sjå.

Kvinne, ta utfordringa, grip sjansen!



Randi Fagerhol Lauvås
Leder, ImF-Ung Sunnmøre

Er det plass til oss kvinner i roller der vi har innflytelse, i styrer og råd? Dette spørsmålet har Dagen hatt litt fokus på i januar.

Mange opplever at dei har fått tillit, at dei har fått viktige verv og roller der dei har fått bidra med si kompetanse og blitt lytta til. Så har vi dei som har blitt spurde, stilt seg til disposisjon, men så enda det med at dei ikkje nådde opp likevel. Atter andre kjenner på ei kjensle av å ha blitt forbigått fordi dei aldri har blitt spurt, enda både kunnskapen og erfaringane gjer dei meir enn kvalifiserte til oppgåva. Men kvifor er det så viktig å ha kvinner med i styrer, komitear og råd?

Personleg trur eg at det er viktig fordi..

- Kvinner og menn tenkjer ulikt, breidda i vurderingar og prioriteringar kan bli større
- Vi har svært mange kvinner som er dyktige til å administrere, halde orden, drive arbeidet framover
- Mange kvinner har mykje visdom og klokskap som dei har tileigna seg frå Bibelen og anna god litteratur, og frå levd liv

Så veit vi også at mange kvinner blir spurde om å stille til styrer, men takkar nei. Og då kan vi stille oss spørsmålet om kvifor det er slik. Grunnane kan sjølvsagt vere mange, men eg trur at ein av dei er at kvinnene i større grad prioriterer å vere leiarar i barnarbeid; klubbar, kor og søndagsskule. Vi prioriterer dette fordi vi synes det er så viktig at våre barn,

at naboens sine barn skal få bli kjent med Jesus og ha eit slikt tilbod i nærmiljøet. Så kan vi spørje oss kvar mennene er i dette arbeidet? Hadde fleire menn sett at dette var ei viktig oppgåve å bruke tid og krefter på, kunne kanskje fleire kvinner ha rom for å prioritere andre oppgåver.

I Bibelen kan vi lese om mange flotte kvinner, sjølvstendige og betydningsfulle. Kvinner som var med på å endre historia og utgjorde ein forskjell i si samtid. Eg kan nemne Mirjam, Ester, Rut.. Kvinner vi kan lære av og bli inspirerte av. Kanskje vi kvinner treng eit ytre «kall» i større grad enn menn, og eg trur mange kvinner treng å sjå på seg sjølv med litt større sjølvtilitt. Der er så mange flotte, dyktige og ressurssterke kvinner i våre bygder, på våre bedehus.

Så, du kvinne som høyrer til i vår samanheng på Sunnmøre, her kjem oppfordringa: Blir du spurt om å stille til eit styre, eit utval eller eit råd, så tenk, be og vurder. Er dette noko eg kan prioritere no? Er dette ei oppgåve eg trur eg kan bidra inn i? Kanskje er det noko anna du då må ta pause frå eller seie frå deg. Og kanskje kan mennene som har hatt sine perioder i styret ta på seg leiaroppgåva i barnelaget eller søndagsskulen. Der er gutar som treng mennene som sunne, gode førebilete.

Både menn og kvinner treng naturleg, menneskeleg visdom og åndeleg visdom gitt oss frå Gud for å vere modne og gode leiarar. Salme 119 gir oss gode råd; Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys på min stige. (vers 105)

Der er så mange flotte, dyktige og ressurssterke kvinner i våre bygder, på våre bedehus.

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmøre@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmøre
ImF-Ung Sunnmøre:
imfung-sunnmøre.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonssenter

Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682

Borgund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.02.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287

Møre barne – og ungdomsskule Skodje

Telefon: 40 29 36 41
Bankgiro: 3000.32.36796

Møre barne - og ungdomsskule Herøy

Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået

Sunnmøre A/S
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Plussreiser AS

Telefon: 70 17 90 00
www.plussreiser.no

Radio Sunnmøre

Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosunnmøre.no

REISERUTER 18.02- 30.04 2017

JOHAN HALSNE:

21.02: Mannaklubb Karmøy, 22.02: Åmdal, 26.02: Blindheim, 27.02: medarbeidersamling, 02.-05.03: Norhordaland, 07.03: styremøte, 08.03: Eidså, 09.03: Syvde, 10.-12.03: Rømøy, 12.03: Harøid, 21.03: Mannaklubb Karmøy, 24.-26.03: Åseral, 29.03: Valle, 30.03: Aarset, 31.03: Lindesnæs, 17.04: Storsamling Borg

RANDI FAGERHOL LAUVÅS:

18.02: Awana-konferanse Sandnes, 27.02: medarbeidersamling, 28.02: Daggrø, 07.03: styremøte, 08.03: Hundeidvik, 10.-12.03: Giske, 14.03: Lepsøy, 21.03: Møre Skodje, 24.-26.03: Konfu, 04.04: Møre Skodje, 09.04: Emble, 17.04: Storsamling Borg, 21.04: Åheim, 22.04: Brattvåg, 23.04: Sula

MATHIAS LINDGREN MULELID:

24.-26.02: Skiweekend, 27.02:

medarbeidersamling, 28.02: Møre u.skule, 02.03: Valderøy YA, 14.03: Møre Herøy, 17.03: Emble, 24.-26.03: Konfu, 28.03: Møre u.skule, 31.03: Ellingsøy, 17.04: Storsamling Borg, 25.04: Møre u.skule, 26.04: Haramsøya Ving, 30.04: Blindheim

HILDE-SOFIE BLINDHEIM

ØSTREM:

18.02: Awana-konferanse Sandnes, 27.02: medarbeidersamling, 15.03: Emble Ving, 27.03: Spjelkavik yngstes, 03.04: Emble, 17.04: Storsamling Borg, 22.-23.04: minileir, 30.04: Ulsteinvik G, 30.04: Blindheim

KJELL FURNES:

19.02: Ulsteinvik, 19.02: Sykkylven, 26.02: Ålesund bedehus, 05.03: Vigra, 07.-08.03: Hjörungavåg, 10. og 12.03: Alnes, 26.03: Sykkylven, 28.03: Åmdal, 13. og 17.04: Skodje

JARLE BERLAND:

26.02: Brattvåg, 01.-02.03: Eidsdal, 05.03: Spjelkavik, 07.03: Follestadalen, 17.-19.03: Volda, 23.-26.03: Ulsteinvik, 06.04: Sjøholt.

INGBJØRN VINGEN:

30.03-02.04: Valle

ERIK FURNES:

23.24.og 26.03: Vigra, 21.-23.04: Langevåg

TOR INGVALD LAUVRAK:

25.-30.04: Valderøy

METTE OG ROGER SØRENSEN:

21.-23.04: Langevåg

ARILD OVE HALÅS:

13.-16.04: Ulsteinvik, 21.-23.04: Sjøholt, Spjelkavik

JORUNN OG OLAV EIKEMO

01.-05.03: Godøy

KAI EVEN BJØRDAL:

02.04: Brattvåg

ODDRUN BJØRDAL:

09.04: Godøy

ROBERT UGGEDAL

13.-14.04: Valle

HELGE DIMMEN:

09.03: Lepsøy, 19.03: Sykkylven bhf

ARVID ØDEGÅRD:

19.03: Ulsteinvik, 30.04: Blindheim

KARL ARNE AUSTNES:

05.03: Årset, 30.04: Emble Jostein Mulelid, 28.02: Giske, 01.-05.03: Tennfjord, 17.-19.03: Solevåg/ Mauseidvåg/Fiskerstrand, 04.-05.04: Volda

SOLFRID ULSTEIN RIISE:

05.03: Langevåg, Follestadalen april, 16.04: Sykkylven

REIDAR FISKE:

05.03: Stranda, 26.03: Blindheim

ANNE NYVOLL FURNES:

17.04: Storsamling Borg

EYVIND VOLLE:

19.02: Langevåg

RadioGiv 2017

Tysdag 7. mars og onsdag 8. mars er det duka for RadioGiv i Radio Sunnmøre. Med spanande gjestar og ulike gavekort sender Radio Sunnmøre 17 timar direkte, og håpar på desse timane å samle inn kr. 340 000,- til drifta av radioen.

Tekst og foto: Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

Den årlege innsamlinga til drifta av Radio Sunnmøre går av stabelen over 17 direktesendte timar tysdag 7. mars og onsdag 8. mars. Målet er å samle inn kr. 340 000,- til drifta av radioen på desse dagane.

- Vi er heilt avhengige av desse midlane for å drive Radio Sunnmøre. I fjor klarte vi målet, og vi set oss eit godt mål i år igjen. Vi veit vi har mange støttespelarar der ute som lyttar til oss, og vi håpar at alle i år igjen vil støtte oss, seier dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund.

- I tillegg har vi no nye lyttarar i det nye konsesjonsområdet Stranda, Geirgane, Valldal, Norddal og omegn, og håpar at dei også vil vere med

å lyfte radioen fram, legg Vartdal Espelund til. Gåvekort kvar time

Det har blitt ein suksess med trekking av gåvekort kvar time blant alle dei som er med å gje under RadioGiv. Næringslivet på Sunnmøre har sponsa med desse. Ein suksess som ein vil gjenta i år.

- Vi har fått sponsa nær femti ulike gåvekort til no tidlegare, og håpar det vil kome inn like mange til RadioGiv startar i år. Eg er svært takknemleg over alle som har bidrege med desse. Desse gåvekorta skal vi trekke nokre av kvar time, blant givarane som støttar radioarbeidet. I tillegg har vi fått gåvekort på eit hotellopphald som skal trekkast blant alle som gir under heile RadioGiv, fortel Vartdal Espelund.

SPANANDE GJESTAR

Det kan vere ei utfordring å halde på 17 timar med direktesendt radio over to dagar, og at det skal vere like interessant heile tida. Radio Sunnmøre arbeidar med å få inn spanande gjestar til desse timane.

- Vi ynskjer at også RadioGiven skal vise eit spekter av alt det Radio Sunnmøre ynskjer å



Torstein Walderhaug intervjuar Holy Snickers frå Langevåg.

vere på Sunnmøre. Med våre sendingar ynskjer vi å nå menneske med evangeliet, samt at vi vil vere ein kanal for informasjon innan både misjon, bistand og kyrkje. Vi vil invitere mange spanande gjestar i studio desse dagane som kan bidra med dette på ulikt vis, legg dagleg leiar til.

Radio Sunnmøre sender i dag 73 timar kvar veke i alle kommunane på Sunnmøre. 26 av desse timane vert sendt via Bygderadio Vest.

Kvinnehelg til oppmuntring på Orreneset 31.mars – 2.april

Bli med på kvinnehelg i naturskjønne omgivelser.

Vi er alle på vei, og denne helga blir som en rasteplass på veien.. Her kan vi «hente oss inn igjen», være oss selv og få nye impulser.

Vi setter av tid til rusletur i det fri, fellesskap, samtale, bønn og hobby. Ikke minst, herlige retter fra **Anbjørgs kjøkken** er høydepunkt som må nevnes.

Rigmor Holst (f. Blomvik) er fra Fiskerstranda, gift i Sverige og programprodusent i Kanal10 Norge. Rigmor vil

belyse temaet «PÅ VEI» fra Guds Ord og «levd liv».

Gro Hofseide startet tidlig sin sangkarriere, men opplevde at Gud åpnet en ny dør etter at sykdom meldte seg. Denne helga vil Gro synge egne og andres tekster til egne melodier. Om noen ønsker det, blir Gro sine CD'er å få kjøpt.

Turantrekk for inne- og utekos er viktig å ta med.

Velkommen til å melde deg på til:
orreneset@gmail.com eller 951 79 102.



Velkommen til
kvinnehelg
på Orreneset
31.mars—2.april 2017

Tema: PÅ VEI

- * Dine øyne så meg
- * En dag om gangen
- * På ville veier—og veien tilbake
- * Ved veis ende

Ill.: Maleri av Sigrun Oddegård (med tillatelse)

LEIR VÅR 2017

2. - 4. klasse

MiniLeir 1

11.-12. februar

Pris: 380kr

MiniLeir 2

22.-23. april

Pris: 380 kr

Brusdalsheimen



5. - 7. klasse:

Orreneset
WinterGames

3.-5. februar
Pris: 540+100 kr

Brusdalsheimen

TweensLeir Pris: 540

24.-26. mars

JenteLeir Pris: 730 kr

22.-25. juni

GutteLeir Pris: 830 kr

29. juni - 2. juli

8. - 10. klasse:

Orreneset

SkiWeekend

24.-26. februar

Pris: 540+100



For påmelding:

www.imfung-sunnmore.no

tlf: 70 17 86 73



ÅRSMØTEHELG Borgund Folkehøgskole

09.-11.06.2017

Taler: Espen Ottosen

Desse blir med:

Arne Parelli, Jan og Ragnhild Huse,
Respons.





www.radiosunnmore.no

Vikariat som Dagleg leiar 100 %

Vi søker vikar som dagleg leiar i 100 % med erfaring som journalist og bakgrunn i radio -og web. Personen bør ha administrative og organisatoriske evner, god samarbeidsevne, vere kreativ og jobbe etter Sunnmøre Indremisjon sin visjon, formål og verdier.

Gode skriftlege og muntlege evner.

Ta kontakt for meir informasjon med krunsleiar Johan Halsne på tlf: 90642479.

Søknad med CV og referansar sendast til:

Radio Sunnmøre
Postboks 7836 Spjelkavik
6022 Spjelkavik
Søknadsfrist: Snarast!

KONSERT



SOLVEIG OG KARI LEITHAUG

BLINDHEIM BEDEHUS

MANDAG 13.MARS

KL. 19.00

Billetter kr. 200,-

Familie max kr. 500,-

Billetter kjøpast ved inngangen

VELKOMEN!

Arr. Sunnmøre Indremisjon og Plussreiser

PÅSKEMØTER ULSTEINVIK BEDEHUS

13.- 16. APRIL

Talar: Arild Ove Halås

Skjærtorsdag:

Kl. 18.00: Møte

Kl. 19.30: Møte

Langfredag:

Kl. 18.00: Møte

Kl. 19.30: Møte

Påskeaftan:

Kl. 18.00: Møte

Kl. 19.30: Møte

1.påskedag:

Kl. 11.00: Møte

Servering mellom møta


Ulike songkrefter tek del

Kollekt

VELKOMEN!

Arr. Ulsteinvik indremisjon

Velkomen til
STORSAMLING
Borgund Folkehøgskole
2.påskedag
17. april kl. 12.00



- Tale v/Anne Nyvoll Furnes
- Songkrefter tek del
- Barneopplegg
- Nattverd
- Kollekt
- Salg av middag

Velkomen frå heile Sunnmøre!



Arr. Sunnmøre Indremisjon